
Fra: Helge Rambjør <helgerambjor@gmail.com>
Sendt: 2. februar 2016 13:06
Til: Postmottak Lindås
Kopi: rune.kristoffersen@villanger.no
Emne: Re: 16/2878 Orientering om politisk handsaming av søknad om dispensasjon gbnr 121/5 Knarvik (Lauvåssjøen)

Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Hei
Til Eilin H. Molvik, rådgjevar

Viser til e-post motteken i dag vedr politisk handsaming av søknad om dispensasjon på gbnr 121/5 Knarvikgarden, Dykkar ref: 14/7827 - 16/2878.

Eg ser at min e-post datert 22.11.2015 vedr denne sak ikkje er komen med I saksdokumenta, og ber difor om at denne e-post blir tatt med som saksdokument snarast.

E-posten er kopiert inn under.

Med helsing Helge Rambjør

From: **Helge Rambjør** <helgerambjor@gmail.com>
Date: 2015-11-22 11:14 GMT+01:00
Subject: Re: Førebels svar - informasjon vi ber om tilbakemelding på - gbnr 121/5 Knarvik
To: Kristin Schübeler Nielsen <Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>

Helge Rambjør
Knarvikgarden 61
5955 Lindås

Til Lindås kommune
v/ Kristin Nielsen

Dykkar ref: 14/7827 - 15/33704

Vedhus/carport på gard nr 121 bruk nr 5.

Viser til Dykkar brev av 04.11.15 i denne sak.

Det framgår av Dykkar brev at de etter samtale med Landbruksavdelinga og ein førebels vurdering ikkje vil kunne godkjenne plasseringa av vedhuset.

I brevet er det ikkje gitt noko nærare begrunnelse for dette standpunkt?

Eg har budd her på denne garden sidan 1961. Eg er utdanna Agronom på Stend Jordbruksskule i 1980, og eg kan ikkje sjå at den omsøkte plasseringa skal ha noko negativ innvirkning på landbruksinteresser.

Vedhuset er tenkt plassert på grunn som hovedsakeleg var planert i 1986 av utskotne massar då hovudhuset vart bygd, og delvis på ein knaus med nokre buskar. Det kjem ikkje i berøring med dyrka eller dyrkbar mark. Det vart laga veg fram til tomten på 80-talet.

Garden er i full drift. Me har ikkje eigne dyr, men ein nabo sler innmarka og 3 av naboane har dyr på beitet.

I samband med å hindra gjengroing, kantslått og ellers halda garden i hevd er formålet med dette vedhuset m.a. å tørka og lagra ved, oppbevaring av mindre landbruksredskapar som motorsag, vedkløyvar, kompostkvern, slåmaskin, krattryddar, diverse slåtteutstyr, trillebårer, tilhengjar og diverse handredskap som øks, sag, spader, høygaffel, rive, greip, sleggje osv. Den delen som er kalla carport i søknaden vil ikkje bli brukt til bil.

Ei eventuell plassering av vedhuset nært ved den eksisterande garasjen er svært vanskeleg. På nordsida av denne er det ein asfaltert plass som me treng til å å snu bilane som står i garasjen. På vestsida er det mykje fjell og det vart svært kostbart å sprengja seg plass her. På austsida er det beplanta hage og asfaltert parkeringsplass for gjester. Denne plassen vart opparbeidd på 80-talet. På sørsida er det dyrkbar jord.

Basert på informasjon i denne meldinga ber eg difor om ei ny vurdering av opprinneleg plassering av vedhuset. Hvis Landbruksavdelinga framleis har merknader må eg be om eit møte med Landbruksavdelinga.

Med helsing

Helge Rambjør, Knarvikgarden 61, 5955 Lindås

2016-02-02 7:58 GMT+01:00 Eilin Houlison Molvik

<EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no>:

Se vedlegg

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: postmottak@lindas.kommune.no

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.